

Amalia Høydal
Tveitevegen 40
5966 EIVINDVIK

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/5754 - 21/59371

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
08.09.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 465/11 Frottaule

Tiltak: minihus
Byggjestad: Gbnr: 465/11
Tiltakshavar: Amalia Høydal
Ansvarleg søker:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.06.2021. Tiltaket krev ikkje dispensasjon som ble tidlegare opplyst, sidan eigedommen ligg i LNF-SB spreidd bustad område for Frotjøl/Nortaule og du kan oppføre bustad innafor vedtatt kvote i planen.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. For søknad om oppføring av bustad er det krav om ansvarleg søker. Ansvarleg søker /føretak sender då inn erklæringer om ansvarsrettar for alle ansvarsområder.
2. Det er naudsynt med vedtak eller førehandsuttale frå Vestland Fylkeskommune knytt til avkjøring frå fylkeskommunal veg. Vegen inn til bustaden skal takast med i søknad med ansvarsrettar.
3. Du må komme med informasjon om vatn og avløpsløysing for framtidig bustad. Om det finns ikkje kommunalt VA, så skal det leggjast privat vass-avløpsløysing og søkjast om utslepp ved Miljø og tilsyn avd. i eigen søknad.
4. Teikningar på bustad må vere på norsk eller engelsk.
5. Det skal sendast profil og snitt-teikningar på veg.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 10.10.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innseining av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Amalia Høydal

Tveitevegen 40

5966 EIVINDVIK